

Fra: Eirik Herdlevær Søyland (Eirik.Soyland@bsj.uib.no)

Sendt: 31.07.2014 13:58:28

Til: 'einar.lunde@fjell.kommune.no'

Kopi: Heidi Handeland

Emne: RE: Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2014 - 2026 - utlegging til offentleg ettersyn

Vedlegg:

Vedr. Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2014 - 2026 - utlegging til offentleg ettersyn

Vi viser til e-post fra Fjell kommune motteke 03.07. 2014.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegna til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkæologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne røyre sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndighet til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan røyre kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekommstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Vi kan nemne at store deler av Fjell kommune utgjør prioritert marinarkæologisk område, som betyr at me generelt vurderer potensialet for automatisk freda eller verna kulturminne i sjø som større her enn i andre områder. Dette skuldast mellom anna at vestkysten er utsett for forlis. Me har fleire forlisberetninger, samt registrete vrak. I Fjell kommune ligg eldre handels- og gjestgjevarstader på Lokøy, Brattholmen og i Solsvik. I tillegg er me kjent med ei rekke hamner som har vore nytta i eldre tid. I tilknyting til gamle ankrings- og hamneområde finner ein gjerne marine kulturminne og maritime kulturmiljø, og slike stader vurderer me også som viktige for marinarkæologien.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland

Saksbehandlar/Marinarkæolog

55 54 96 04

marinarkæologi@bsj.uib.no

www.facebook.com/Sjofartsmuseum

From: einar.lunde@fjell.kommune.no [mailto:einar.lunde@fjell.kommune.no]
Sent: Thursday, July 03, 2014 1:06 PM
To: post@avinor.no; Grethe.Bergsvik@fjell.kommune.no; fmhopostmottak@fylkesmannen.no; firmapost.vest@husbanken.no; post@sotrabrannvern.no; bergen.havn@bergen.kommune.no; post@kysteverket.no; postmottak@askoy.kommune.no; postmottak@bergen.kommune.no; postmottak@oygarden.kommune.no; postmottak@mattilsynet.no; leiarteamet@fjell.kommune.no; marinarkeologi@bsj.uib.no; postboks@fjellvar.as; postmottak@fiskeridir.no; vest@fiskarlaget.no; Sentralarkivet@post.hfk.no; firmapost-vest@vegvesen.no; sfn@telenor.com; firmapost@bof.no; firmapost@bkk.no; postmottak@sund.kommune.no; Unni.Rygg@fjell.kommune.no; hordaland@fnf-nett.no; rv@nve.no
Subject: Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2014 - 2026 - utlegging til offentlig ettersyn

Dette er ei ny utsending då ikkje alle fekk vedlegga ved første forsøk.

Fjell kommunestyre har i møte 19. juni 2014, sak 62/14 godkjent at framlegg til kommunedelen sin arealplan 2014 -2026 vert lagt ut offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

Planframlegget byggjer på dei føringar som er gjort i planstrategi for Fjell kommune og planprogram for rulleringa. Hovudtema er bustad, næring og kystkultur.

Arealplanen femner om både land- og sjøareal og gjev rammer for for utnytting, bruk og vern. Areal som inngår i kommunedelplanar er ikkje del av rulleringa.

Plandokumenta kan sjåast i servicetorget i Rådhuset, på Fjell folkeboksamling Straume og på kommunen si nettside www.fjell.kommune.no under kunngjeringar.

Eventuelle merknader til planframlegget skal sendast til:

Fjell kommune
Plan- og utbyggingssjefen
Postboks 184, 5342 Straume

E-post: postmottak@fjell.kommune.no

Frist 11. september 2014.

Med helsing

Aud Raknem
Arealplanleggjar

Fjell kommune